



Christian Myklebust(t.v.) og Georg Hestad frå Kvinnherad Energi gjer arbeidet saman med Vidar Prestnes(i bakgrunnen) frå Kvinnherad Maskin AS.

**Det skjer oppgradering av straumnettlet fleire stader i Uskedalen. Sist veke skreiv vi om [det som skjer i området Neset/Holmen](#). No føregår det eit arbeid ved Skulebruo. I dag er to mann frå Kvinnherad Energi og ein maskinkøyrar frå Kvinnherad Maskin AS i arbeid der.**

Georg Hestad i Kvinnherad Energi fortel at det skal skøyast kabel på høgspenkabelen som er ført under Skulebruo. Denne skal førast til koplingskiosken som står ved oppstillingsplassen for tilhengarar som Kvinnherad Auto har. Dette medfører at det vert ny høgspenkurs frå sekundærstasjonen og opp dalen.

Det er Hestad som utfører koplingsarbeidet saman med kollega Christian Myklebust. Kvinnherad Maskin AS er leigt inn for å gjera gravearbeidet. Dette vert gjort av Vidar Prestnes.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland